



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Sluttrapport etter forvaltningskontroll i Hå kommune

30. januar 2018

Tema for kontrollen var kommunen si handtering av følgjande ordningar:

- Produksjonstilskot i jordbruket
- Tilskot til SMIL (spesielle miljøtiltak i jordbruket)


Vår referanse: 2017/8853

Innhald

1. Samandrag.....	3
2. Innleiing.....	5
3. Bakgrunn for kontrollen	5
4. Heimel for kontrollen	5
5. Opplysningar om gjennomført kontroll	6
5.1 Faktaopplysningar om sjølve kontrollen	6
5.2 Møter, intervju og dokumentgjennomgang.....	6
5.3 Tema for forvaltningskontrollen.....	7
6. Funn.....	8
6.1 Definisjonar.....	8
6.2 Tema 1 – Produksjonstilskot.....	8
6.2.1 Tilskot til dyr på beite.....	8
6.2.2 Driftsfellesskap	11
6.2.3 Reaksjonar ved feilopplysningar og regelverksbrot – avkorting.....	12
6.3 Tema 2 – SMIL - tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket	20

Vedlegg – ikkje offentleg

Verdiskaping jordbruk i Hå, 473,9 mill.kr bruttoprodukt



Illustrasjon henta frå vedlegg til NIBIO rapport vol.2 nr. 75, 2016

Fylkesmannen sitt hovudintrykk er at landbruksforvaltninga i Hå kommune har god lokalkunnskap om landbruket i kommunen og nyttar dette aktivt i saksbehandlinga. Det er likevel utfordringar i høve til kapasitet.

- 448 føretak søkte produksjonstilskot i søknadsomgangen 2017
- 152 mill. kr i ulike tilskot blei forvalta og utbetalt til landbruksføretak i Hå (2015)

1. Samandrag

Fylkesmannen i Rogaland var på forvaltningskontroll i Hå kommune 30. januar 2018. Tema for kontrollen var kommunen si handtering av ordningane «Produksjonstilskot i jordbruket» og «SMIL - tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket»

Basert på kontrollen har vi registrert følgjande avvik og har desse merknadene:

Avvik

Produksjonstilskot

- **Avvik 1**
Kommunen har godkjent dyr utmarksbeite til eit føretak som ikkje har utmarksbeite.
- **Avvik 2**
Kommunen har ikkje vurdert avkorting i alle saker der det er gitt feilopplysningar som kunne ført til feilaktig meirutbetaling.
- **Avvik 3**
Kommunen har avkorta i saker utan å gjere eit skriftleg vedtak.
- **Avvik 4**
Kommunen har etter stadleg kontroll retta opp ein søknad slik at søkjar har fått meir tilskott enn det han har søkt på.

SMIL

- **Avvik 5**
Kommunen har teke inn i SMIL-strategien ei ordning som ikkje er innanfor SMIL-regelverket med tilhøyrande rundskriv.

Merknader

Produksjonstilskot

- **Merknad 1**
Kommunen bør vere klarare på rolla som forvaltar når dei går gjennom og godkjenner søknader.
- **Merknad 2**
Kommunen bør ha meir fokus på om føretaka har nok areal til å oppfylle kravet om at hovuddelen av det daglege grovfôrintaket til dyra skal skje ved beiting.
- **Merknad 3**
Kommunen bør ha rutine for å avkorte i tilskotet i saker der det er gitt feilopplysningar som kunne ført til feilaktig meirutbetaling.

SMIL

- **Merknad 4**

Kommunen bør jobbe aktivt for å bruke meir av potten til forureiningstiltak og mindre til steingardar.

I rapporten står det om gjennomføring av sjølv kontrollen og nærare omtale av avvik og merknader.

2. Innleiing

Varsel om forvaltningskontrollen blei sendt til Hå kommune i brev datert 24.11.2017. Sjølve kontrollen blei gjennomført 30. januar 2018.

Hovudtema for forvaltningskontrollen var kommunen si forvaltning av følgjande ordningar:

- Produksjonstilskot i jordbruket
- Tilskot til SMIL

3. Bakgrunn for kontrollen

I embetsoppdraget frå Landbruks- og matdepartementet har Fylkesmannen (FM) fått i oppdrag å gjennomføre forvaltningskontroll av kommunane innan landbruksområdet. FM har det regionale ansvaret for å sikre at statlege midlar blir brukt og forvalta i samsvar med gjeldande regelverk.

Føremålet var å kontrollere kommunen si etterleving av forskrift 12.12.2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten, § 15 og særlovgivinga for tilskotsområda (forskrifter heimla i jordlova). FM ønskjer å kartleggje om kommunen har ei forsvarleg forvaltning av nemnte ordningar, og om kommunen si forvaltning skjer i tråd med gjeldande regelverk.

4. Heimel for kontrollen

Heimelsgrunnlaget for forvaltningskontrollen er forskrift av 12. desember 2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten § 15 *Kontroll av underliggende virksomheter og andre som utøver forvaltningsmyndighet samt tilskuddsmottakere*. Her står det i § 15 første ledd at:

”Overordnede virksomheter skal ivareta kontroll med at underliggende virksomheter og enheter utenom statsforvaltningen som utøver forvaltningsmyndighet, utfører sine oppgaver på forsvarlig måte og i henhold til § 14.

Regelverket for økonomistyring i staten skal sikre ei effektiv styring og utnytting av statlege midlar og ei god mål- og resultatoppnåing.

Ordningane som blei gjennomgått under forvaltningskontrollen er omfatta av følgjande regelverk:

- Forskrift 19.12.2014 nr. 1817 om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket
- Forskrift 04.02.2004 nr. 448 om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket
- Jordbruksavtalen 2015-2016 og Jordbruksavtalen 2016-2017
- Gjeldande rundskriv for ordningane som blei kontrollerte

5. Opplysningar om gjennomført kontroll

5.1 Faktaopplysningar om sjølve kontrollen

Dato for kontroll: 30. januar 2018	Journalnummer: 2017/8853
Dato for førre kontroll: 28. januar 2016	Journalnummer: 2015/13511

Kontrollert verksemd

Kommune: Hå	E-post: post@ha.kommune.no
Besøksadresse: Rådhuset, Rådhusgata 8, 4360 Varhaug	Telefon: 51 79 30 00

Til stades frå kommunen

Namn	Funksjon	Opnings- møte	Intervju	Slutt- møte
Anne Berit Berge Ims	Rådmann	X	X	X
Anne-Kristin Gangenes	Kommunalsjef tekniske saker og næring	X	X	
Irene Hota Tjøstheim	Plan- og forvaltningssjef	X	X	X
Halldor Gislason	Jordbrukssjef	X	X	X
Else Brit Helland Mæland	Saksbehandlar	X	X	X
Alf Henning Haukland	Saksbehandlar	X	X	X

Til stades frå FM

Namn	Funksjon	Opnings- møte	Intervju	Slutt- møte
Geir Skadberg	Landbruksdirektør	x	x	x
Else F. Hodne	Kontrollør PT	x	x	x
Nono Dimby	Kontrollør SMIL	x	x	x
Sissel C. Endresen	Kontrollansvarleg og referent	x	x	x

5.2 Møter, intervju og dokumentgjennomgang

Kontrollen starta med eit opningsmøte der landbruksdirektør Geir Skadberg informerte om bakgrunnen for kontrollen. Han la vekt på den viktige rolla som kommunane har i gjennomføring av landbrukspolitikken, og at kommunane si behandling av sentrale verkemiddel har mykje å seie for tilslutninga til politikken og verkemiddelbruken.

Sist forvaltningskontroll var i januar 2016, og då blei det mellom anna tatt opp ein del såkalla «problemsaker». Det blei også peika på at det var liten kapasitet til å handtere alle sakene på landbruksområdet.

Skadberg presiserte at føremålet med denne forvaltningskontrollen ikkje er å finne feil, men å bli betre.

Rådmannen i Hå, Anne Berit Berge Ims, orienterte om at det no er aksept for ein ny stilling, og den lysas ut i desse dagar.

Deretter blei det gjennomført intervju om dei ulike tema.

- Else F. Hodne var ansvarleg for intervju og kontroll av ordninga med produksjonstilskot
- Nono Dimby var ansvarleg for intervju og kontroll av ordninga med SMIL, tilskot til spesielle tiltak i jordbruket
- Sissel C. Endresen var kontrollleiar og referent

Intervjua blei supplert med spørsmål knytt til søknader frå ulike føretak. Det blei ikkje tid til å gå gjennom alle sakene under sjølve kontrollen. Kommunen fekk i etterkant av kontrollen tilsendt ei liste med saker der FM ville ha tilbakemelding.

På sluttmøtet gjekk FM gjennom dei funna som kom fram under kontrollen. Funn frå lista med saker som blei sendt ut etter kontrollen vil gå fram av rapporten.

5.3 Tema for forvaltningskontrollen

Nr.	Tema	Ønskjer svar på
1	Produksjonstilskot (PT)	<ul style="list-style-type: none">- Korleis følgjer kommunen opp regelverket om avkorting- Korleis følgjer kommunen opp saker som gjeld brot på dyrevelferdsregelverket- Kva rutinar har kommunen for dyr på beite/utmarksbeite- Kva rutinar har kommunen i saker der det kan vere driftsfellesskap
2	Tilskot til spesielle tiltak i jordbruket - SMIL	<ul style="list-style-type: none">- Saksbehandlingsrutinar og prioriteringar

6. Funn

I dette kapitlet vil FM gi ei tilbakemelding på utført kontroll fordelt på tema.

Eventuelle avvik og merknader som blei avdekka vil bli gjennomgått under det enkelte tema.

6.1 Definisjonar

Funn blir delt opp i merknadar og avvik. Definisjonen på desse to er:

- **Avvik:** Mangel på oppfylling av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.
- **Merknad:** Forhold som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men som FM meiner det er nødvendig å peike på for å sikre god forvaltning av dei ordningane som er kontrollerte.

6.2 Tema 1 – Produksjonstilskot

Om regelverket

Kommunen har ansvar for å godkjenne søknader om produksjonstilskot, jf. PT-forskrifta § 10 første ledd. Kommunen sit såleis med eit særskilt ansvar for tilskotsutbetalinga. For å sikre at søknader som blir godkjente fyller krava for tilskotsutbetaling som ligg i regelverket, er det viktig med gode og oversiktlege saksbehandlingsrutinar for innkomne søknader.

Ulike rundskriv frå Landbruksdirektoratet gir retningslinjer for korleis kommunen skal behandle søknadene for dei ulike tilskotsordningane. Det såkalla «saksbehandlingsrundskrivet» som er gjeldande for dei ulike søknadsomgangane omhandlar saksbehandlingsrutinane og det såkalla «kommentarrundskrivet» som er gjeldande for dei ulike søknadsomgangane utdjuar reglane som gjeld for produksjonstilskot og avløysartilskot.

6.2.1 Tilskot til dyr på beite

Om regelverket

Kommunen skal sjå til at føretak som søker om beitetilskot oppfyller krava til beiting. Det går fram av jordbruksavtalen for 2016-2017, punkt 7.6 at «*Antall uker beiting er det antall uker hvor hoveddelen av det daglige grovfôrintaket til dyret skjer ved beiting av utmark eller innmark med tilfredsstillende beitemuligheter.*» Det betyr at føretak som har dyr på beite skal oppfylle gitte krav om minimum tal veker beiting og at beiting skjer på område med tilfredsstillande beitemoglegheiter. Det er krav om at hovuddelen (dvs. minst 50 %) av det daglege grovfôropptaket skal skje ved beiting av utmark eller innmark. Vidare står det i rundskriv 2016-22 under pkt. 6.6.6 at «*Foretak som søker om tilskudd til dyr på beite, må kunne sannsynleggjøre at dyrene har vært på beite den tiden som kreves.*»

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kommunen har laga ei skriftleg rutinebeskriving om korleis søknader om tilskot til dyr på beite skal handterast. Dei fleste har dyr på innmarksbeite. Dersom ein søkjar ikkje har ført opp dyr på beite, tek saksbehandlar kontakt for å spørje om dette stemmer. Dersom nokon som driv med mjølkeproduksjon og har ungdyr fører opp alle dura på beite, så tek også saksbehandlar kontakt for å spørje om det stemmer fordi oksar går vanlegvis ikkje på beite. Kommunen nyttar «Rogalandsmodellen» for å finne ut kor mange dyr som kan førast på utmarksbeite dersom føretaket har innmarksbeite og utmarksbeite som ikkje er skild med gjerde. Bønder har problem med å forstå «Rogalandsmodellen» og det mange telefonar om dette. Det er også forvirring omkring utmarksbeite fordi mange reknar alt som ikkje er fulldyrka som utmarksbeite. Det gjer at dei fører opp dyr utmarksbeite sjølv om dei ikkje har dyr på utmarksbeite.

Kommunen ser vanlegvis ikkje på om det er nok areal til aktuelt dyretal. Men under kontroll blir det vurdert om det er nok areal ut frå det dyretalet som er ført opp. Dei som har mjølkebot kan ha problem med å oppnå beitekravet. Kommunen godkjenner ikkje dyr på beite dersom det er heilt klart at dei ikkje har nok areal til dei dyra som er ført opp, men dei sjekkar ikkje alle søknadene.

Under stadleg kontroll blir det sjekka om kravet til 16 veker beitetid er oppfylt. Det gjer kommunen ved å spørje om når dyra er slept på beite og når dei er tekne inn. Dei spør aldri etter beitejournal, men det er mange som fører dagbok med oversikt over når dei ulike dyra blir sleppte på beite og når dei er tekne inn. Dersom nokon ventar til etter første slått med å sleppe ut dyra, så vil dei ha problem med å oppnå kravet om 16 veker beiting.

Der saksbehandlar ser opplagte feilføringar, så blir søknaden retta slik at det er rett beløp som går til utbetaling. Det kan då vere vanskeleg å skilje mellom rolla som rettleiar og saksbehandlar fordi saksbehandlaren gjer begge deler samtidig. Kommunen har hatt tilfelle der dei ikkje har godkjent dyr på utmarksbeite, og det har vore i dei tilfella der føretaket ikkje har utmarksbeite. Det er svært sjeldan at kommunen avkortar for feilføring, men har hatt eit tilfelle der dyra ikkje har gått på beite. I det tilfellet av slo kommunen søknaden om tilskot til dyr på beite og avkorta i tilskotet.

Saker det blei spurt om på kontrollen (frå søknadsomgangen august 2016)

- **Sak 1** - 230 sau og lam ført på utmarksbeite
Sender ikkje dyra vekk på utmarksbeite, men har nok utmarksbeite på garden
- **Sak 2** - 45 mjølkekyr, 37 andre storfe og 75 sau/lam er ført på utmarksbeite
Har gjerde mellom innmark og utmark. Har ført opp 45 av 54 mjølkekyr på utmarksbeite. Har markert lågare mjølkeproduksjon i sommarmånadene, særleg i juli.
- **Sak 3** - 10 mjølkekyr, 15 andre storfe og 80 sau ført på utmarksbeite

Har ført opp 10 av 24 mjølkekyr på utmarksbeite. Han har blanda beite, og kommunen har brukt Rogalandsmodellen for å rekne ut kor mange dyr som kan førast på utmarksbeite.

- **Sak 4** - 9 mjølkekyr og 15 andre storfe ført på utmarksbeite
Har ført opp 9 av 33 mjølkekyr på utmarksbeite. Har ikkje utmarksbeite på eigen gard. Må eventuelt leige utmarksbeite og frakte dyr.
- **Sak 5** - 24 mjølkekyr, 31 andre storfe og 152 sau/lam ført på utmarksbeite
Har ført opp 24 av 62 mjølkekyr på utmarksbeite. Har lågare mjølkeproduksjon i sommarmånadene.
- **Sak 6** - 77 mjølkekyr og 63 andre storfe ført på beite
Har no mindre tilgjengeleg beiteareal enn før. Kommunen godkjente alle dyra ført opp på beite i 2016, men avslo mjølkekyr på beite i 2017. Avslaget var fordi føretaket hadde søkt dispensasjon for beitetid i 2017, og søknaden blei avslått av FM fordi føretaket ikkje hadde nok beiteareal til talet mjølkekyr.

Fylkesmannen si vurdering

Det er positivt at kommunen har ein skriftleg rutinebeskriving av korleis søknader som tilskot til dyr på beite skal behandlast. Vi ser samtidig at kommunen kanskje har for mykje fokus på dei som kanskje har gløymt å føre opp dyr på beite, og dette gjer at det kanskje ikkje er nok kapasitet til å gå gjennom dei sakene der det er lite areal og der tilskot til dyr på beite kanskje ikkje skulle vore godkjent. Kommunen bør i større grad skilje mellom rolla som rettleiar og forvaltar. Det er bonden som søker og som har ansvar for dei opplysningane som er gitt i søknaden. Ved gjennomgang av søknadene er saksbehandlar forvaltar og skal sjå til at regelverket blir følgt.

Kommunen bør ha eit ekstra fokus på dei tilfella der det er ført opp mjølkekyr på utmarksbeite. Desse sakene bør til dømes sjekkast opp mot mjølkeleveransar for å sjå om mjølkeproduksjonen går ned, noko som kan bety at føretaket har ein del gjeldkyr om sommaren.

I sak 4 er det godkjent dyr på utmarksbeite til eit føretak som ikkje har utmarksbeite. Kommunen må følgje opp denne saka.

Avvik

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi funne følgande avvik:

- **Avvik 1**
Kommunen har godkjent dyr utmarksbeite til eit føretak som ikkje har utmarksbeite.

Merknader

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknader:

- **Merknad 1**
Kommunen bør vere klarare på rolla som forvaltar når dei går gjennom og godkjenner søknader.
- **Merknad 2**
Kommunen bør ha meir fokus på om føretaka har nok areal til å oppfylle kravet om at hovuddelen av det daglege grovfôrintaket til dyra skal skje ved beiting.

6.2.2 Driftsfellesskap

Om regelverket

Kommunen har ansvar for å kontrollere om det er så nært samarbeid mellom føretak at det er i strid med reglane om driftsfellesskap, jf. § 4 i PT-forskrifta. Spesielt er det viktig med slik kontroll i tilfelle der det er fleire føretak på same landbrukseigedom som søker produksjonstilskot. Risikoen for feilutbetaling av store beløp er høg dersom det ligg føre driftsfellesskap mellom to eller fleire føretak som søker om produksjonstilskot. Det er derfor viktig at kommunen fører gode kontroller med denne delen av regelverket.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Hå kommune har ein oversikt over føretak som søker tilskot med driftssenter på same eigedom. Kommunen har vore i kontakt med alle desse føretaka. Driftsfellesskap var tema for kommunen sin kontroll av PT-søknader i 2017. Kommunen plukka ut 32 føretak til kontroll. Alle blei varsla tidleg i oktober og sjølve kontrollen blei gjennomført i perioden oktober-desember. Føretaka blei kalla inn til intervju og kommunen skreiv notat i kvar av sakene. Nokon av føretaka hadde med seg rekneskapstal og for andre bad kommunen om å få tilsendt opplysningar frå rekneskapen. Etter intervjuja hadde kommunen ein intern diskusjon. Eit tilfelle var heilt i grenseland, men tvilen kom føretaka til gode. Dei fekk beskjed om at dei måtte ha klarare skilje mellom dei to føretaka. Kommunen fann ikkje driftsfellesskap i nokon av dei sakene som blei kontrollerte. Det er laga skriftleg oppsummering i alle sakene, og denne er arkivert.

Fylkesmannen stilte spørsmål ved fire tilfelle der det blir søkt om tilskot frå same gnr/bnr, oversikten refererer seg til vedlagte liste.

- **Sak 7**
I denne saken har kommunen kryssa ja for driftsfellesskap på eit av føretaka. Kommunen opplyste at det no berre eit av føretaka som søker avløysartilskot.

- **Sak 8**
I denne saken har det vore brukarskifte. Kommunen opplyste at den garden no er seld.
- **Sak 9**
Her var det samdrift tidlegare. Kommunen opplyste at samdrifta no er oppløyst og kvoten er seld.
- **Sak 10**
Føretaka hadde kryssa av for driftsfellesskap i 2015 og 2016, men ikkje i 2017. Hå kommune har tidlegare bedt Fylkesmannen om å sjå på denne saken. Føretaka er no splitta opp.

Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen ser svært positivt på at kommunen hadde driftsfellesskap som tema for kontrollen i 2017, og at 32 føretak blei kontrollerte. Det er bra at det er gjennomført intervju med føretaka, og det er tatt ein gjennomgang av rekneskapen. Vi vil likevel åtvare mot å trekke for sikre konklusjonar om driftsfellesskap utan å gjere ein grundig analyse av rekneskapen. Samstundes er vi sikre på at no når kommunen har sett fokus på dette, så vil det gjere føretaka som har driftssenter på same eigedom, meir merksame på denne problemstillinga.

Fylkesmannen fann ingen avvik og har ingen merknader.

6.2.3 Reaksjonar ved feilopplysningar og regelverksbrot – avkorting

Om regleverket

Av rundskriv 2016-22 går det fram av kap. 5.1.8 korleis kommunen skal behandle feil eller uavklarte tilhøve i søknaden. I andre avsnitt står det at *«Søker skal i utgangspunktet aldri kunne få tilskudd til flere dyr eller mer areal enn hva søker har oppgitt i søknaden.»*

Vidare står det i kap. 5.1.8 fjerde avsnitt at *«I tilfeller der kommunen oppdager at søker har søkt om mer enn hva som faktisk disponeres, skal kommunen 1) korrigere tilskuddsgrunnlaget til faktiske forhold, 2) vurdere avkorting i det resterende tilskuddet på grunn av oppgitt feilopplysning, jf. forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 12. Se kapittel 10.5 i dette rundskrivet. Ved feilopplysninger skal også kommunen vurdere om det er grunnlag for politianmeldelse, jf. kapittel 10.6. Se også omtale i gjeldende kommentarrundskriv kapittel 12.»*

I siste avsnitt står det at *«Kommunen skal alltid bruke kommentarfeltet i WESPA til å forklare hvorfor rettinger er gjort.»*

Kommunen har ansvar for å vurdere avkorting i tilfelle der det blir oppdaga feil i søknad om produksjonstilskot eller ved regelverksbrot, jf. § 11 og § 12 i PT-forskrifta. Hovudregelen er at tilskotet skal avkortast dersom det er gitt feil opplysningar som ville ført til at føretaket fekk utbetalt meir tilskot enn det har rett på. Ei god oppfølging frå kommunen si side her er viktig for å gjere søkjaren meir aktsam og for å førebygge feilutbetalingar og regelverksbrot.

Kommunen skal vurdere avkorting i alle saker der føretak har gitt feilopplysningar som kunne ført til urett meirutbetaling av tilskot jf. pkt. 12 i rundskriv 2016-12 der det bl.a. står at «Bestemmelsen er utformet som en "kan"-bestemmelse, men det klare utgangspunktet er at det **skal** avkortes dersom søker minst har vært uaktsom ved inngivelse av feilopplysninger, og dette har medført eller kunne medføre en merutbetaling. Forvaltningen plikter i alle tilfeller å vurdere avkorting.»

I saksbehandlarrundskrivet 2016-22 kap. 10.5.2 står det om korleis kommunen skal handtere saker der dei avdekker avvik/feilopplysningar. Her går det mellom anna fram at kommunen skal rette søknaden i samsvar med dei faktiske tilhøva, men det står vidare at «...,søknaden skal ikkje rettes slik at søker får meir enn omsøkt.»

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kommunen si handtering av feilopplysningar

Når det blir avdekket feil i søknader har kommunen rutine for å rette i søknadene, men det er varierende praksis når det gjeld avkorting. Det blir teke opp til diskusjon på landbrukskontoret for å kome til ein felles konklusjon. Dei tek menneskelege omsyn når avkorting skal vurderast. Saksbehandlarane opplever det som vanskeleg å vurdere skyldspørsmål, særleg når det gjeld utmarksbeite. Dei har ikkje praksis for å avkorte første gongen ein søkjar fører opp feil på utmarksbeite. Saksbehandlarane skriv ned ei forklaring når opplysningar blir endra.

Under kontrollen blei vi ikkje ferdige med å spørje om enkeltsaker. Etter kontrollen sendte Fylkesmannen ut ei oversikt med 15 saker der kommunen har gjort endringar og/eller godkjend andre tal enn søkjar har ført opp. Hå kommune sendte tilbakemelding på denne 20. mars 2018. Forklaringane frå Hå kommune er teke inn i rapporten nedanfor.

Sak 11

Kommunen har redusert tal dyr på beite frå 12 til 8 andre storfe, og auka tal dekar på innmarksbeite.

Forklaring frå kommunen:

«Det vart gjennomført stadleg kontroll. Beitetilskot til ungdyr vart redusert frå 12 til 8 stk. Dette utgjør kr 1712,- i redusert tilskot. Heile innmarksbeite vart gått over, og det vart godkjend 25 dekar meir innmarksbeite i forhold til søknad og gardskart. Dette utgjør kr

2550,- i auka tilskot. Retting av areal i samsvar med endringar i gardskart er lov å gjera i søknaden begge vegar utan at det vert rekna som ny søknad. Tall dyr blei justert i forhold til beiteareala.»

Sak 12

Kommunen har redusert 1 dyr på beite etter kontroll og auka areal.

Forklaring frå kommunen:

«Det vart gjennomført stadleg kontroll. 1 kvige var teld både som ku og ungdyr. Dyretilskot til andre storfe vart redusert frå 31 til 30 stk, og beitetilskot til andre storfe vart redusert frå 10 til 9 stk. Dette utgjer kr 818,- i redusert tilskot. Nytt innmarksbeite vart gått over, og det vart godkjend 23 dekar meir innmarksbeite i forhold til søknad og gardskart. Dette utgjer kr 2346,- i auka tilskot. Retting av areal i samsvar med endringar i gardskart er lov å gjera i søknaden begge vegar utan at det vert rekna som ny søknad. Feil i dyretall er vurdert som lite alvorlig feil som det ikkje gjøres avkorting på.»

Sak 13

Kommunen har redusert tal dyr på beite, leigejord søkt på feil gnr/bnr.

Forklaring frå kommunen:

«Det vart gjennomført stadleg kontroll. Beitetilskot til mjølkekyr vart redusert frå 51 til 47 stk. 4 kyr vart slakta tidleg i august, og oppfylte ikkje kravet om 16 veker beitetid. Dette utgjer kr 1712,- i redusert tilskot. Det er søkt om tilsaman 142 dekar på gnr 18/10, 18/31 og 19/31. Tal dekar er rett, men gnr er retta til 18/1, 18/5 og 19/31. Retting av gnr i samsvar med det som er registrert i landbruksregisteret er ein naturleg del av kommunen si handsaming av søknader, og kjem ikkje inn under restriksjonane kring «nye eller utegløynte opplysingar». Søkjar er ny brukar, og har nettopp overtatt garden etter at faren døydde brått. For å unngå å «skremma av» nye usikre bønder, har vi valgt å gje praktisk info/veiledning om tilskotssystemet som alternativ til avkorting (på kr 1712,-) i denne saka»

Sak 14

Kommunen har fjerna dyr på beite i kode 410 og 420, samt redusert tal dekar.

Forklaring frå kommunen:

«Søkjar leverte først søknad elektronisk den 19/8, og leverte så ny søknad på papir 30/8. På den nye søknaden var det, i forhold til den elektroniske, endringar i tal mjølkekyr, tal dyr på beite og ikkje søkt om tilskot til dyr på utmarksbeite. Her er det automatisk trekk på kr 10 000 for seint levert søknad. Det vart gjennomført stadleg kontroll. Det vart funne 5 andre storfe meir enn det var søkt om. Dette utgjer kr 1950,- i auka tilskot. Etter mottak av feilliste PT-1001A vart det funne dobbeltsøking på leigd jord på gnr. 7/1 i Time. 53 dekar som Nesheim Samdrift DA vanlegvis nyttar, var dette året bortleigd til grønsaker. Dette utgjer

kr 9 010,- i redusert tilskot. Då det ikkje var reell fare for meirutbetaling av arealtilskotet pga denne feilen, har vi vurdert at det ikkje skulle gjerast avkorting i tilskotet for dette forholdet. Søkjar har alt fått eit sterkt varsko om å vera meir nøyaktig ved utfylling av søknadsskjema med trekket pga for seint innlevert søknad.»

Sak 15

Kommunen har redusert tal dekar i kode 210 og 212.

Forklaring frå kommunen:

«Arealet på gnr. 71/6 vart først retta i samsvar med gardskart, der 4 dekar tidlegare klassifisert som beite no var fulldyrka. Etter mottak av feilliste PT-1001A vart det funne dobbeltsøking på leigd jord på gnr. 71/1. 19 dekar som Per Hårr vanlegvis nyttar, var dette året bortleigd. Dette utgjer kr 2 550,- i redusert tilskot. Då det ikkje var reell fare for meirutbetaling av arealtilskotet pga denne feilen, har vi vurdert at det ikkje skulle gjerast avkorting i tilskotet for dette forholdet.»

Sak 16

Kommunen har redusert til 0 dyr på utmark i kode 431 og 432 etter stadleg kontroll, samt auke og reduksjon i tal dekar i kode 210 og 212.

Forklaring frå kommunen:

«Det vart gjennomført stadleg kontroll. Søkjar har hatt delar av buskapen på austsida av vegen der dyra har hatt tilgang til eit mindre utmarksareal i tillegg til innmarksbeite. Utmarksarealet bar lite preg av beiting. Det vart vurdert at dyra som beite her ikkje hadde hatt minst 50% av grovfôropptaket frå utmarksdelen av beitet i minst 5 veker, som er kravet for å få tilskot til beiting av utmark. Dette utgjer kr 8 400,- i redusert tilskot. Innmarksbeite vart gått over, og 20 dekar av tidlegare godkjend innmarksbeite held ikkje krava til innmarksbeite. Dette vart klassifisert som utmark. Dette utgjer kr 2 040,- i redusert tilskot. Retting av areal i samsvar med endringar i gardskart er lov å gjera i søknaden begge vegar utan at det vert rekna som ny søknad. Søkjar hadde også leigd bort 25 dekar beite, men dette var trekt frå i tal dekar fulldyrka jord til slått og beite. Dette vart retta opp, slik at det var 25 dekar beite som var bortleigd også på søknaden. Dette utgjer kr 1 700 i auka tilskot. Han har vore i god tru med omsyn til dei sauene han har søkt tilskot til utmarksbeite for, då dyra hadde tilgang til over dobbelt så stort utmarksområde som innmarksbeite.»

Sak 17

Kommunen har redusert 2 dyr i kode 119 etter stadleg kontroll.

Forklaring frå kommunen:

«Det vart gjennomført stadleg kontroll. Det vart funne 2 andre storfe mindre enn det var søkt om. Dette utgjer kr 780,- i redusert tilskot. Det er vurdert at det ikkje skal gjerast avkorting i

tilskotet denne gongen. Søkjar fekk seg ein «støkk» då dyretalet ikkje stemte, og har fått beskjed om å vera meir nøyaktig ved utfylling av skjema ved seinare høve. Summen er dessutan relativt liten, slik at det kostar meir for kommunen å skriva avkortingsbrevet enn det sjølve avkortinga ville blitt. Kost/nytte vurderinga gjer at vi normalt ikkje brukar tid på små beløp.»

Sak 18

Kommunen har redusert tal dekar i kode 210.

Forklaring frå kommunen:

«Etter mottak av feilliste PT-1001A vart det funne dobbeltsøking på leigd jord på gnr. 21/4. Søkjar har frå 2013 ein 10 års leigekontrakt på 15 dekar jord på gnr. 21/4 med klausul om at det ikkje er lov med framleige. I 2016 søkte han på dette arealet som vanleg, men arealet vart hausta av eit anna føretak, som då også søkte tilskot på dette arealet. Etter regelverket for produksjonstilskot er det den som tek avlinga av eit areal som kan søkja tilskot. Søknaden til Pollestad vart derfor redusert med dette arealet, til tross for klausulen i leigeavtalen. Dette utgjer kr 2 550,- i redusert tilskot til søkjar. Då det ikkje var reell fare for meirutbetaling av arealtilskotet pga denne feilen, har vi vurdert at det ikkje skulle gjerast avkorting i tilskotet for dette forholdet.»

Sak 19

Kommunen har redusert søknaden med 21 dekar etter at søker har gitt beskjed, samt ført på eit ekstra dyr på beite (ikkje kome med på søknad). Det er ikkje gjort trekk i tilskotet.

Forklaring frå kommunen:

«Etter telefon frå søkjar 22/8 vart det trekt frå 21 dekar beite og lagt til 1 lam i buskapen på ein kode som ikkje gir tilskot. I denne saka ser det ut til at fylkesmannen har misforstått fakta. Vi ser positivt på og oppmuntrar bønder om å melda frå om dei ser at det er feil i søknaden dei har levert. Det vert då feil å møta bonden som melder frå om slike feil med avkorting i tilskotet.»

Sak 20

Kommunen har redusert eit dyr i kode 422 etter stadleg kontroll.

Forklaring frå kommunen:

«Det vart gjennomført stadleg kontroll. Det vart funne at det var søkt beitetilskot for ein kalv født 29/7. Alle storfe har vore ute på beite, men kalven som var født 29/7 har ikkje hatt lang nok beitetid til å oppfylla kravet på 16 veker. Dette utgjer kr 428,- i redusert tilskot. Det er vurdert at det ikkje skal gjerast avkorting i tilskotet denne gongen. Søkjar har fått beskjed om å vera meir nøyaktig ved utfylling av skjema ved seinare høve.»

Sak 21

Kommunen har endra areal etter stadleg kontroll.

Forklaring frå kommunen:

«Det vart gjennomført stadleg kontroll. Heile innmarksbeite vart gått over, og det vart godkjend 21 dekar meir innmarksbeite i forhold til søknad og gardskart. Areal fulldyrka og overflatedyrka vart også retta i samsvar med endringane i gardskartet. Endringane utgjer kr 1972,- i auka tilskot. Retting av areal i samsvar med endringar i gardskart er lov å gjera i søknaden begge vegar utan at det vert rekna som ny søknad.»

Sak 22

Kommunen har fjerna mink frå søknaden.

Forklaring frå kommunen:

«Det vart gjennomført stadleg kontroll. Søkjar hadde ikkje mink på teljedato 1.1.17 pga sanering etter funn av plasmacytose. Då det ikkje er produksjonstilskot til mink påverkar dette ikkje utbetalt tilskot. Etter omlegging av tilskotssystemet er det tal minkar pr. 1.5.17 og 1.10.17 som gjev grunnlag for avløysartilskot i 2017. Då rettinga av søknaden ikkje medførte endra tilskot, vart det ikkje vurdert avkorting.»

Sak 23

Kommunen har redusert 2 sauer av bevaringsverdig rase, samt ein ver etter stadleg kontroll.

Forklaring frå kommunen:

«Det vart gjennomført stadleg kontroll. Søkjar opplyste under kontrollen at 2 av sauene som var ført opp under bevaringsverdig rase var under 1 år. Desse kvalifiserer ikkje til tilskot, og søknaden vart derfor rette frå 10 til 8 søyer over 1 år av bevaringsverdig rase. Dette utgjer kr 400,- i redusert tilskot. Tilskotet er avkorta med kr 400,- for feilopplysningar. Det er ikkje skrive brev til bonden om avkortinga»

Sak 24

Utbetalt for mykje avløysartilskot.

Forklaring frå kommunen:

«Det vart teke kontakt med Landbrukstenester Hå for å få dokumentasjon på avløysarutgiftene til Våland. Mottatt dokumentasjon viste at søkjar var fakturert for avløyning, men at fakturaene ikkje var betalt. Vi tok derfor kontakt med søkjar på tlf og Epost, der vi oppmoda søkjar om å betala for avløyninga som var utført. 22/2 fekk vi melding frå Landbrukstenester Hå at Våland hadde innbetalt kr 12000 + mva. Manglande betaling av faktura frå Landbrukstenester Hå resulterte i at Våland fekk utbetalt tilskot til avløyning for 2015 for avløyning som berre delvis var betalt. Etter prinsippet om at den eldste gjelda forfell først, er dei 2 innbetalingane i august 2016 og februar 2017 nok til å dekkja alt Våland skulda

for avløyning i 2015, og kr 1015,- for avløyning i 2016. Søknaden vart handsama på dette grunnlaget der vi godkjende kr 1015,- i utgifter for avløyning i 2016. Det vart 21/3 sendt brev der vi forklarte korleis vi hadde handsama søknaden, og oppmoda søkjar om å ta kontakt med landbrukstenester Hå for å betala inn resten av det han skulda. Vi har sidan ikkje høyrte noko meir i saka. Søknaden vart avkorta med kr 1015,- for feilopplysningar (heile avløysartilskotet). Det er ikkje skrive brev til bonden om avkortinga.»

Sak 25

Feil føretak har søkt avløysartilskot.

Forklaring frå kommunen:

«Skutholt Samdrift Da vart oppløyst ved årsskifte 2016/2017. Geir Ødegård som dreiv samdrifta søkte på dyr + avløyning i føretaket Geir Ødegård frå 1.1.2017. Då vi handsama søknaden 16/1 fann vi ut at det var feil føretak som hadde søkt på avløysartilskotet. Vi tok kontakt med søkjar og vart einig om at avløysarutgiftene på den innleverte søknaden vart teke bort. Skutholt Samdrift leverte ny søknad på avløyning same dag. Søknaden vart endra før søknadsfristen. Det var derfor ikkje aktuelt å vurdere avkorting i denne saka. Då det nye føretaket ikkje hadde dyr pr. 1.1.2016 som kunne gje grunnlag for avløyning, var det heller ingen fare for feil utbetaling av avløysartilskot.»

Kommunen si handtering av saker der det er regelverksbrot

Kommunen har ikkje noko etablert samarbeid med Mattilsynet. Landbruksforvaltninga i kommunen ønskjer eit betre samarbeid med Mattilsynet. Til no har dei fått kopi av svært få vedtak. Saksbehandlar kjenner til at kommunen har fått kopi av vedtak i ei sak, men har ikkje fått kopi av oppfølginga. Landbruksforvaltninga har også varsla Mattilsynet i nokre tilfelle.

Kommunen har hatt nokre saker med ulovleg gjødsling. Har rutine for å starte med ein liten reaksjon og så trappe opp ved fleire brot.

Fylkesmannen si vurdering

For å sikre at det blir lik behandling av like saker er det viktig at kommunen følgjer den rettleiinga som er gitt i rundskriv når det gjeld avkorting både ved feilopplysning og regelverksbrot. Avkorting skal alltid vurderast i slike saker. Hovudregelen er at tilskotet skal avkortast dersom det er gitt feil opplysningar som ville ført til at føretaket fekk utbetalt meir tilskot enn det har rett på. Ei god oppfølging frå kommunen si side her er viktig for å gjere søkjaren meir aktsam og for å førebygge feilutbetalingar og regelverksbrot. Det er eit overordna mål å sikre forsvarleg forvaltning av fellesskapet sine midlar, og risiko for avkorting skal skjerpe søkjaren sin aktsemd ved utfylling og innlevering av søknad.

Vi har gått gjennom tilbakemeldinga frå kommunen på dei 15 sakene vi hadde spurt om. Det er ingen av desse sakene som gjeld store avvik, men vi meiner likevel at regelverket skal følgjast.

I sakene 11, 12, 13,14,16, 17, 20, 23 har kommune vore på stadleg kontroll og har redusert dyretal og/eller areal. I dei tilfella der dyretal eller areal er redusert etter stadleg kontroll, så meiner vi at kommunen burde ha avkorta. I alle saker der søkjar har ført opp feil tal som kunne ført til ein feilaktig meirutbetaling, så skulle kommunen vurdert avkorting. Dersom det ikkje er sendt brev til søkjaren burde i det minste merknadsfeltet i WESPA vore nytta slik at det kjem fram at avkorting er vurdert.

I sak 23 og 24 har kommunen avkorta, men det er ikkje sendt brev til søker der kommunen gjer greie for dei vurderingane som er lagt til grunn for avkortinga. I saker der kommunen har avkorta skal det sendast brev til søker.

I sak 14 har kommunen etter stadleg kontroll ført opp fleire dyr enn det søker hadde ført opp. Etter saksbehandlarrundskrivet skal ikkje dyretalet rettast slik at søker får meir enn det det er søkt på.

Avvik

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi funne følgjande avvik:

- **Avvik 2**
Kommunen har ikkje vurdert avkorting i alle saker der det er gitt feilopplysningar som kunne ført til feilaktig meirutbetaling.
- **Avvik 3**
Kommunen har avkorta i saker utan å gjere eit skriftleg vedtak.
- **Avvik 4**
Kommunen har etter stadleg kontroll retta opp ein søknad slik at søker har fått meir tilskott enn det han har søkt på.

Merknader

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknader:

- **Merknad 3**
Kommunen bør ha rutine for å avkorte i tilskotet i saker der det er gitt feilopplysningar som kunne ført til feilaktig meirutbetaling.

6.3 Tema 2 – SMIL - tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket

Om regelverket

Kommunen skal fastsette overordna retningslinjer for korleis søknader om SMIL-midlar skal prioriterast. Retningslinjene bør bl.a. innehalde miljøfaglege kriterium, og eventuelle andre kriterium, for prioritering av søknadene. Retningslinjene skal fastsetjast i dialog med FM og næringsorganisasjonane lokalt.

Formålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbrukets kulturlandskap og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan forventast gjennom vanleg jordbruksdrift. Prosjekta og tiltaka skal prioriterast ut frå lokale målsettingar og strategiar. SMIL-ordninga i Rogaland skal stimulere aktive landbruksføretak til ein ekstra innsats ut over normal landbruksdrift, på tiltak innan ureining, biologisk mangfald og kulturlandskap.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kommunen har søknadsfrist i mars og september. Dei prioriterer søknader etter strategien, men har problem med å få søknader på dei ordningane som er prioriterte. Dersom kommunen veit om gode søknader som er under utarbeiding, så ventar dei med å behandle søknader med lågare prioritet.

Kommunen hadde planlagt å få inn fleire saker på forureining, men det kom ikkje nok saker i 2017. Med søknadsfrist i september var det tidsproblem med å behandle søknader innan fristen. Kommunen håper å få inn ein person som kan jobbe med desse sakene når dei no lyser ut ein ny stilling.

Fylkesmannen sin vurdering

Hå kommune bruker kvart år ein stor del av potten til tiltak klassifisert som kulturminne, det vil stort sett seie til steingardar. I 2017 gjekk 71 % av potten til andre kulturminne. Ein mindre del, 20 %, gjekk til forureiningstiltak som hydrotekniske anlegg. Det er viktig at kommunen også har fokus på å prioritere dei gode sakene.

I kommunen sin SMIL-strategi står det at det kan løyvast tilskot til gjenstøyping av gjødselportar og inspeksjonskummar i avløp. Dette er ikkje innanfor SMIL-ordninga, og kommunen må ta det ut av strategien.

Avvik

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi funne følgande avvik:

- **Avvik 5**
Kommunen har teke inn i SMIL-strategien ei ordning som ikkje er innanfor SMIL-regelverket med tilhøyrande rundskriv.

Merknader

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknader:

- **Merknad 4**
Kommunen bør jobbe aktivt for å bruke meir av potten til forureiningstiltak og mindre til steingardar.